



NORGES JEGER-OG FISKERFORBUND  
HORDALAND  
Tverrgaten 4/6  
5017 BERGEN

Dato: 22.05.2017  
Vår ref.: 2016/35219-68  
Saksbehandlar: eirkniv  
Dykkar ref.:

Att. Terje Wangsholm

## **Avslag på søknad om tilskot til friluftslivføremål (kap. 1420 post 78) 2017 - NJFF-Hordaland - skytestevner for barn og ungdom 2017**

Det vert vist til dykkar søknad med frist 01.02.2017 til Hordaland fylkeskommune, om tilskot til friluftsføremål. Utval for kultur, idrett og regional utvikling handsama saka i møte 26.4.2017 – søknaden fekk diverre avslag.

Individuell grunngjeving: Søknadssummen er lågare enn minimumssummen ein må søkja på for å få tildeling i denne ordninga. I tillegg er det konkurransar med kåring av vinnarar for barn under 12 år.

Vedlagt ligg ytterlegar informasjon om fordeling av midlar samt søknadsvurdering.

### **Grunngjeving**

Klima- og miljødepartementet har for 2017 fordelt kr 26 mill. til fylkeskommunane til tilskot til friluftsføremål, kap. 1420, post 78. Hordaland fylkeskommune er tildelt kr 2.050.000 til vidare fordeling. Det var 50 søknadar med ein samla søknadssum på kr 3.046 001, og tiltak i 25 kommunar.

Kriteria Klima- og miljødepartementet har sett for ordninga ligg til grunn for fordeling av tilgjengelege midlar. Tildelinga er sett i samanheng med andre statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Dykkar søknadar vart vurdert saman med andre søkjarar opp mot retningslinene for ordninga. Den totale søknadssummen går langt ut over tilgjengelege midlar til fordeling.

### **Klage/partsinnsyn**

Det er klagerett på vedtak om midlar til friluftslivsaktivitet, då desse er enkeltvedtak jf. forvaltningsloven. Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Har de spørsmål kan de kontakte Eirik Knive på epost [eirik.knive@hfk.no](mailto:eirik.knive@hfk.no) eller tlf. 55 23 91 66  
Lukke til vidare med dykkar arbeid med å skape ein aktiv kvar dag for folk i Hordaland!

Med venleg helsing

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld  
fylkesidrettssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*